



Frivillege har alt gjort ein god jobb på Dønhaug.

**Etter at vi laurdag skreiv at Festidalen trong svært mange frivillege har mange meldt seg. Dei er no nesten i mål, men det er behov for 15-20 til. Om nokon vil gjera ein innsats på laurdagen trengs det folk som vakt, i matbod eller i bar. Dei som stiller, kan velja mellom å få dagspass til fredag eller fri inngang til Festifjellet søndag.**

For å melda seg som frivilleg, kan ein bruka [frivilleg@festidalen.no](mailto:frivilleg@festidalen.no) eller mobil 902 52 223.

Det er informasjonsmøte for alle frivillege på Dønhaug kl. 18 i kveld(onsdag). Deretter er det frivillegfest på Systrene Nilsen.

Elles vert det meldt om svært god stemning mellom dei frivillege på jordet under arbeidet i går. Det er tydeleg at dei synes det er kjekt å vera med i fellesskapet i Festidalen.

Det er allereie gjort mykje arbeid og er godt i rute sjølv om ein stor jobb står att. Biletet over er tatt onsdag morgon i 7-tida.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland